

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Fiskebu AS - Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen* blir tildelt kr 150 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 071/21 Vedtak:

Prosjektet *Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen* blir tildelt kr 150 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 07.07.2020. Bransje: 47.990 Detaljhandel utanom utsalstad. Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Firmaet har pr.dd ingen fast tilsette då dei er i oppstartsfasen og har brukt eigenkapital og fritid på prosjektet. Målet er å snarast mogleg ha økonomi til å drive på fulltid med Fiskebu AS. Planen er 2 tilsette på heiltid og 1 på deltid i løpet av 2021, aukande til 15-20 arbeidsplassar i løpet av 3 år. FiskeBu har eit samarbeid med Tombre fiskeoppdrett som er pilotbedrifta og testar utstyret på deira lokasjonar. Industriutvikling Vest hjelp dei med oppstart og utvikling av prosjektet.

Om prosjektet

Det forbrukast i dag 50 000000 rensefisk i oppdrettsnæringa årleg, talet er ekstremt høgt og er ikkje etisk, moralsk eller økonomisk berekraftig ifølge søkjar. Fiskebu as har utvikla, designa og starta bygging av prototyper i ein produktserie som dei meiner vil betre fiskehelsa og redusere antal fisk brukt i oppdrettsnæringa. Dagens gjenfangst av rensefisk er tidkrevande og fysisk tungt, og dei legg opp til å gjennomføre det same arbeidet raskare, sikrare og mindre belastande for røktarane med deira produkt.

Prosjektleveranse/Målsetting

Lage fullverdig habitat, gjenfangst, sorteringssystem og vinterlagring for rensefisk brukt i oppdrettsnæringa, samt legge til rette for sysselsettingsvekst.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen	3 827 000	700 000	150 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til innovasjon, nyskaping, ny teknologi og potensial for vekst og sysselsetting.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Fiskebu_soknad-2021-0082_30 apr 2021	1572673
15.06.2021	21_Fiskebu_soknad-2021-0082_Uttale 2_30 apr 2021	1572674
13.06.2021	21_Fiskebu AS_presentasjon_30 apr 2021	1572675
15.06.2021	21_Fiskebu_soknad-2021-0082_Uttale_30 apr 2021	1573713